



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/42286-39

Dykkar referanse:

Vår dato:  
23.07.2019

### Uttale til endring av områdeplan Alversund – planID 1263-200902 – Lindås kommune

Vi viser til brev datert 02.07.2019 med søknad om endring av områdereguleringsplan for Alversund. Søknaden gjeld 4 mindre endringer:

1. Mindre utviding av arealføremål knytt til kryss mot fv. 565 (i samsvar med oppdatert veggeometri)
2. Justering av linjeføring for g/s-veg, o\_SGS3
3. Justering av føresegn knytt til høyde på mur mellom g/s-vegar, o\_SGS2 og o\_SGS5
4. Justering av føresegn om krav til rekkefølge knytt til fortau og g/s-veg, o\_SF2 og o\_SGS5

#### Punkt 1:

Kryssutforminga mellom o\_SKV1 og o\_SKV3 er prosjektert i dialog mellom Statens vegvesen og Lindås kommune, slik at krysset skal samsvare med våre krav. Vi har difor ingen merknad til dette punktet.

#### Punkt 2:

Gjeld terrengtilpasning av g/s-veg. Vi har ingen merknad.

#### Punkt 3:

I notat om bakgrunn for endringa, datert 01.07.2019, går det fram at muren mellom gangvegane vil verte inntil 4,4 meter høg. Det må etablerast rekkverk ved murtopp for å sikre gåande og syklende.

Punkt 4:

Statens vegvesen meiner det er uheldig at ein ikkje har funne ein løysing som gir eit separat tilbod til gåande og syklande langs o\_SKV5 frå start av. Som kompenserande tiltak har ein i føresegn §7.2.1 sett krav om at trafikktryggingstiltak skal iverksetjast fram til detaljregulering av H810\_2. Dette vil betre tilhøva.

Statens vegvesen ber om at kommunen set krav som avgrensar trafikkmengda i o\_SKV5 inntil fortau er etablert. Vi ber difor om rekkefølgjekrav om at o\_SF2 skal vere ferdigbygd før byggjeløyve for nye bustader i område BFS2.

Vi vil samstundes gjere merksam på at områda H810\_1 og H810\_2 er byta om på plankartet.

Oppsummering

Statens vegvesen ber om rekkefølgjekrav knytt til område BFS2, som følgje av at fortau ikkje vert bygd frå start av. Vi har elles ingen vesentlege merknader til endringane.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Trond Hollekim  
fung. seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN